

# Et juleminne fra Sotra Å JUL MED DIN GLEDE OG BARNLIGE LYST

Dette juleminnet vart skrivi til "Broderbåndet" for kring 50 år sidan (1958 – red.anm.) No er nye slekter og nye lesarar komne til, så eg vågar å senda det inn på nytt.

Det var lang veg å gå for den som budde så einbølt som vi gjorde. Ikkje var det veg heller, berre berg, myrar og lyngmarker å gå over. Men når det var julepregang på bedehuset, var vi ikkje til å halda heime, vi måtte avstad og vera med når det berre var ver. Og så sant det var helgedag, var det lys i bedehuset når vi kom.

Midt på golvet i det store bedehuset sto juletreet, det største treet vi såg for heile året på ei tresnau øy. Det var kome frå Bergen med rutebåten. Så fint pynta tre fanst nok ikkje i nokon heim. Og så elektriske julelys! Kva gjorde det om vi ikkje hadde musikk til songen? I rekke gjekk vi rundt treet og song dei kjære julesongane, den eine etter den andre. Vi song vel ikkje så reint og rett alltid. – Ingen tenkte så mykje på det, vi song med glede og stort frimot. Når leiaren sa at no laut borna kvile seg, for dei vaksne skulle gå ei stund, tok vi helst ille på det. Dei vaksne, hadde dei noko med dette å gjera? Det var då borna si jul!

Ein kveld mellom jul og nyår var det barnefest, den største opplevinga for heile året. Kristina på Reina, som heldt sundagsskule, sto for denne festen. Det var ikkje mykje bråk og uro på dei festane, nei. Eg kan enno hugsa det meste av ein tale eg høyrde som niaring på barnefesten. Så fekk vi tebrød, mandelsnitt og kakemenn, alt baka av Gudnar i Avløpet. Og etterpå gang om juletreet. – Gleda var fullkomen.

Men eit år var det slikt uver i juledagane at vi laut vera heime, og fekk ikkje greie på kva dag festen skulle vera. Vi syskena rekna på det: I går var det vaksenfest, og barnefesten plar vera dagen etter. Ut på ettermiddagen klårna det opp, og bror min og eg skipa oss til å gå. Mor såg ut: Berre blautsnø og væte på alle kantar. Korleis kunne ho våga å la to gutar på åtte og ti år gå ein time gjennom utmarka i slikt føre? Og så heimatt etter det var vorte mørkt? Ingen vaksne hadde høve til å vera med. Heller ikkje visste nokon om det var i kveld festen skulle vera. Det laut verta nei, og vi tusla innatt frå trappa og tok av oss halsklut, trøye og vottar. Men dagen etter fekk vi høyra av andre born at barnefesten, den var i går, den. Kva skulle mor setja opp mot den sorg som fylte eit gutesinn?

Den dagen kom det ein pakke frå ei tante på Austlandet med julekaker, neter og anna julegodt som ikkje vi var vane med å ha. I førstninga av trettiåra, då dette hende, var det ikkje så flust å ta av korkje til det eine eller det andre, vi fekk vera glade vi hadde det mest nødvendige. Men ein ting vart det råd til kvart år: stort, fint juletre kjøpt i Bergen. Somme av grannane hadde berre ein stor eine, og det var det liksom ikkje nokon stas ved.

No fann mor ein utveg: Vi skal ha julefest ikveld heime. Og om kvelden var bordet pynta med lys ved kvar sin plass, kakene og netene var etla ut på asjettane, og det kom kakao i koppene. Eg hugsar enno den dag i dag både korleis dei såg ut og korleis dei smaka desse kakene som eg fekk den kvelden. Etter maten gjekk vi om juletreet, mor, far og fire sysken. Rett nok var det berre vanlege juletaglys på treet, og mykje mindre var det enn det i bedehuset, men likevel. Den

største sorga var sløkt. Og mor sende nok ein takkens tanke fordi postgangen var så sein at denne pakken ikkje rakk fram før jul.

**Magnus Polden.**

Magnus Polden (85) er bosatt i Kristiansund. I sitt yrkesliv var han lærer og skolesjef. Han har vært og er aktivt med i indremisjonsarbeidet både i Kristiansund og i Nordmøre Krets. Polden var formann i forbundsstyret for Det Vestlandske Indremisjonsforbund i 1975-1977. Han var vararepresentant til Stortinget for KrF i perioden 1973 – 1977 og har også vært aktiv i politisk arbeid i Kristiansund.



**Polden på Sotra der forfatteren voks opp**

## "Å jul med din glede" har fem vers

Av Torbjørn Greipsland, Kristelig Pressekontor (KPK).

**Det er trolig ukjent for de fleste, men den populære sangen «Å jul med din glede» har ikke bare tre men fem vers.**

På misjonsmuseet i Lyngdal er det arkivert en tekst til denne sangen, der alle fem versene er med. At teksten finnes på misjonsmuseet i Lyngdal, har sin grunn i at hun som uten tvil er forfatter av sangen, Gustava Kielland, i flere år var prestekone i Lyngdal.

Så kan en jo undre seg over hvorfor de to siste versene er utelatt i sangbøkene, ikke minst siden fjerde verset handler om å samles i himmelens sal.

Når alle fem versene er med lyder sangen slik:

1. Å jul med din glede og barnlige lyst, vi ønsker deg alle velkommen; vi hilser deg alle med jublende røst, ti tusene ganger velkommen!

Ref.:

Vi klapper i hendene, vi synger og vi ler, så glad er vi, så glad er vi, Vi svinger oss i kretsen og neier, og bukker.

2. I Østerlands vise, I tre stjerne menn, vi vet jo hvorhen I vil drage;

for vi vil jo også så gjerne derhen, og eder på reisen ledsage.

Ref.

3. Så rekker jeg deg nå med glede min hånd, kom skynd deg og gi meg den annen, så knytter vi kjærlighets hellige bånd, og lover å elske hinannen.

Ref.

4. Og en gang vi samles i Himlenes sal, og synger om jul med sin glede.

Vi takker og jubler i tusene tall, i himlen for tronen vi trede.

Ref.

5. Om ute det stormer og regner og sner, det kan oss jo slett ikke skade.

For julen og freden oss alle er nær, og vi ere fromme og glade.

Ref.

